



Idrettsmerketakarar i 2008. Fleire av dei har alt merket i boks i år også.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Tirsdag frå kl.17 og utover er det klart for ein ny runde med idrettsmerkeprøver på Heio. Sist dei var samla, var det 5 som tok kravet til merket. Dei hadde alderspreiing frå 17 år til godt oppi 60-åra. Kjersti Rød Bråtun som er ansvarleg for idrettsmerketakinga, håpar at så mange som mogeleg stiller opp førstkommande tirsdag.

Dei siste åra har 13-14 teke idrettsmerket her i dalen, og Kjersti er optimistisk med tanke på at dei skal nå det talet i år og. Krava er godt tilpassa alder og kjønn. Det er mange i bygda som er flinke til å halde seg i form

både gjennom turgåing og ulike trimaktiviteter. Å leggja inn idrettsmerketaking i dette kan vera god motivasjon til å halde seg i form både på kort og lang sikt.

- Vert tirsdag siste mulighet til å ta merket dette året? spør vi.
- Vi håpar sjølvsagt at så mange som mulig kan stille då, men det er jo sansynleg at det er nokon det ikkje passar for. Derfor må vi truleg organisere ei oppsamling seinare, - kanskje ein lørdag. Derfor er det viktig at dei det ikkje passar for, tar kontakt med meg. Eg har mobilnummer 415 67 095. Vi ønskjer at alle skal få muligheten til å ta merket, seier den ivrige idrettsmerkeleiaren.

Av: Thor Inge Døssland